



Jørn Øyrhagen Sunde sist han var og hadde vellukka temakveld i Uskedal kyrkje

Det er ei flott førjulsgåve Uskedal sokneråd byr på når dei inviterer til føredrag med den framifrå formidlar Jørn Øyrhagen Sunde i Uskedal kyrkje tre dagar før juleaftan. Denne gongen er tema Guds 4 døtre, og det vert svært interessant å høyra kva den utflytta uskedelingen og professoren i retthistorie har å fortelja under denne overskrifta.

Jørn Øyrhagen Sunde er kjend som ein framifrå formidlar, og han har fått fleire prisar for dette. Han har vore å høyre i ulike samanhengar i Kvinnherad og Uskedalen tidlegare, men han er også mykje nytta både nasjonalt og internasjonalt. Såleis er han rett ofte riksmidia. Han er alltid ein fryd å høyra på når han fortel sin klare, gjennomtenkte og interessanne bodskap, - alltid utan manuskrift og på ein lettfatteleg måte.

Sist han var i barndomsbygda, i mars, samla han full kyrkje til temaet **«Dei ti bodorda – Gud og menneske i periodar med stor samfunnsendingar»**. Ein uforgløyemeleg og interessann kveld. Denne gongen er han tilbake med eit nytt føredrag under overskrifta **«Guds fire døtre»**.

Jørn Øyrhagen Sunde fortel at historia om Guds fire døtrer spring ut av Salme 85 der det heiter at «Godleik og sanning skal møte kvarandre, rettferd og fred kyssa kvarandre». Dette vart så utvikla i jødisk tradisjon til ei historie om fire søstre som mellom anna gav Gud råd då han dømte Adam og Eva. Dei fire søstrene vart òg omtalt som Guds døtrer for å visa kor nært verdiane dei representerte stod det guddommelege. Historia om Guds døtrer vart deretter tatt inn i ein kristen tradisjon i Frankrike av Bernhard av Clairvaux på fyrste halvdel av 1100-talet, og vart kjent i Noreg på siste halvdel av same hundreåret. Denne historia kom så til å spela ei heilt sentral rolle då den norske staten vart skapt på 1100- og 1200-talet. Då gjekk Noreg frå eit vikingsamfunn der den sterkaste sin rettog bruk av vald var legitimt, og frå eit ættesamfunn der kvar tok vare på sine egne, til ein stat der alle skapt i Guds bilete hadde krav på omsorg. Så vellukka var omdanninga at historia om Guds fire døtrer kunne forsvinna inn i gløymsla. Men med å henta den fram igjen ved inngangen til julehøgtida, vil Jørn Øyrhagen Sunde spora til refleksjon over samfunnet sitt verdigrunnlag i ei tid som ideelt sett skal vera prega av den fred og harmoni som Guds fire døtrer skal skapa menneske mellom.

I ei travel førjulstid kan det passa perfekt å ta turen til Uskedal kyrkje onsdag 21. desember kl. 19, lytta til føredraget, roa ned og tenkja litt. Like før jul høyrer også nokre av dei kjende julesongane med. Uskedal

musikklag vil delta som akkompagnatør både når Lina Håland syng eit par songar solo, og til fellessongen.

Det vert høve til å gje gåve til Kirkens Bymisjon ved utgang.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Arkivfoto: Ola Matti Mathisen.